



Notat

Til:

Kopi til:

Saksbehandler: Plan og byggesak/Ingrid Raniseth
Vår referanse: 20/1128 - 8 / PlanID-125620180004, Plannavn-Detaljregulering for Framo Flatøy AS, Komnr-4631, GBNR-1/57, FA-L13
Dato: 04.05.2020

Emne: Intern høring - 1. gongs handsaming - Reguleringsplan for Framo Flatøy AS, gnr. 1 bnr. 57 m.fl.

Bakgrunn

På oppdrag frå Framo Flatøy AS legg Multiconsult fram forslag til reguleringsplan for industriområde på gnr. 1 bnr. 57 m.fl. på Flatøy. Planområdet er på om lag 147 daa og omfattar eksisterande industri sørvest på Flatøy jamfør kartutsnitt under. Området består i dag av trafikkareal, parkeringshus og overflateparkering, produksjonshaller og verkstadbygningar, lagerhaller og kontor- og administrasjonsbygningar samt noko utandørs lager. Heile arealet er i praksis bygd ut og disponeras av Framo AS.



Planforslaget legg til rette for utviding av næringsområdet, hovudsakleg med fylling i sjø. Utvidinga skal gje plass til nye produksjons- og lagerbygningar og større utandørsareal som muleggjer betre internlogistikk og sikrere trafikale forhold. Det vert også lagt til rette for ny og større eksportkai.

Intern høyring

Kvart fagområde vurderer planforslaget opp mot sitt fagfelt. Vi ønskjer at geodata ser spesielt på plankartet (sosi).

Sosi-fila ligg som vedlegg til notatet. Aktuelt planmaterial finn de under journalpost 20/24062.

Frist for å kome med uttale er satt til 20. mai. Ta kontakt om de ser at de ikkje rekk fristen, den vart litt knapp.